
Søknadstype

Velg søknadstype

Søknadstype

Forprosjekt

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel

Biblioteket- hjartet "sticky campus"

Mål for prosjektet

Mål for forprosjektet er å kartlegge behov og ønsker for biblioteket som sosial kjerne i tenestetilbodet til både lokale, internasjonale og digitale studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda

Prosjektbeskrivelse

Biblioteket ved Høgskulen i Volda ligg sentralt på campus, rett ved kantineområde og andre tenestetilbod til studentar og tilsette, ei plasseringa vi ønskjer å utnytte betre. Vi vil i forprosjektet gjere behovsanalyser og utvikle moglegheitsskisser for å skape nye gode sosiale læringsarenaer og møtestader der vi ser bibliotek og kantineområde i samanheng, og der også IT-tenester, studentorganisasjonar og studentsørvis inngår, med biblioteket som hjarte med framtidssretta fasilitetar i eit 'sticky campus' ved HVO.

Bibliotekutvikling

Berte Kanutte (BK) der biblioteket ligg, er hjartet på HVO og eit signalbygg på campus. Sidan bygget blei tatt i bruk i 1998 har det skjedd store endringar i biblioteksektoren og i samfunnet elles, noko som naturleg nok endrar brukarane sine vaner og behov. Føregangsbiblioteka i UH-sektoren som Universitetsbiblioteket på Blindern (UB) og UB i Stavanger (UBIS) har dei siste åra gjennomført brukarundersøkingar og ut frå desse gjort store endringar. I 2019 er fokus flytta frå å tenke samling til å tenke menneske. Den digitale kvardagen har skapt nye måtar å jobbe og tenke på for studentane, undervisning og studier legg opp til stadig større grad av samarbeid og tverrfaglegheit. Biblioteka må difor kunne tilby ulike soner og studieplassar tilpassa ulike behov. HVO-biblioteket har dei siste åra tatt fleire grep for å imøtekome behova hjå studentar og tilsette, men vil no gjere brukarundersøkingar og ein moglegheitsstudie for å sjå på lokala våre med nye auge. Vi ønskjer å byggje på dei gode erfaringane frå UB og UBIS, tilpassa behovet hjå våre fagmiljø og studentar.

Sticky campus, studentaktiv sosial læring og læringsverkstad

'Sticky campus' har som kjerne å skape ein campus der studentane trivst og vil vere til alle døgnets tider, gjennom å legge til rette for ulike typar aktivitetar, fleksible arbeidsmåtar og pauseområde med utgangspunkt i bruksanalyser og aktivitetane ein ønskjer å skape (Sjå til dømes: <https://student-strategy.uq.edu.au/node/25/11>). 'Sticky campus' omfattar heile campus, men kan konkret knyttast til behova studentar og tilsette har for læringsområde og bibliotekstenester framover, særleg med fokus på studentaktiv læring som blir eit stadig tydeligare krav i sektoren. Den digitale utviklinga endrer både studentane sine relasjonelle forståingar og arbeidsmåtar (<https://www.jisc.ac.uk/full-guide/learning-spaces>). Studentaktiv læring tyder at ein må skape nye rom for læring og samarbeid der ein legg til rette for aktivitet og variasjon i aktivitet, og der studentar og tilsette lett kan møtast sosialt.

For å gi ein meir fleksibel studiekvardag starta HVO-biblioteket i november 2018 med meirope bibliotek, med det resultat at studentar og tilsette bruker lokala både seint og tidleg. Ved at bibliotek og kantineområde er samlokaliserte kan det sjåast som eit samanhengande rom for varierte aktivitetar med ulike soner for ulike typar studentaktivt og sosialt arbeid. Biblioteksutviklinga og campusutviklinga nasjonalt og internasjonalt viser at studentar no og framover vil vere opptekne av sosiale møteplassar og læringsfellesskap som bidrag til studentgjennomstrøyming. Utlån av digitalt utstyr og areal og tenester for utvikling av nye læringsformer gjennom ein læringsverkstad der tilsette og studentar kan treffast for kursing og utforsking er allereie under utprøving gjennom brukarstyrt aktivitet, og vil bli vidareutvikla i prosjektet.

Strategisk satsing, forankring og eigenfinansiering

I følgje strategiplanen skal HVO i perioden 2017-2020 styrkje teknisk infrastruktur og heve fagleg-pedagogisk kompetanse for vidare satsing på digitalisering og fleksible studietilbod, og fornye og vidareutvikle sin posisjon som akademisk kunnskapsverksemd. HVO meiner at ei satsing på biblioteksutvikling med fokus på studentaktive og sosiale læringsmiljø vil vere eit konkret tiltak for å nå desse måla. HVO har parallelt starta eit campus-utviklingsprosjekt, Campus 2.0, frå våren 2019. Forprosjektet går naturleg inn i denne overordna planen, og HVO vil difor gå inn med ei eigenfinansiering av forprosjektet på 40%.

Organisering, samarbeidspartar og aktivitetar

Forprosjektet blir organisert som eit smidig prosjekt, både med seminar, workshops, ulike brukarundersøkingar og kontinuerlege brukarstyrte utviklingsprosessar der både tilsette, studentar og eksterne samarbeidspartar er med. Biblioteket vil internt samarbeide med ulike fagmiljø, tenester og studentorganisasjonane og med Studentsamskipnaden for Volda om kantineutvikling. Ein vil også samarbeide med prosjektet DigiGLU (<https://digiglu.hivolda.no/>) om læringsverkstad. Eksternt vil vi samarbeide med biblioteksarkitekt Aat Vos, bruksanalytikarane Frilux Flo og Hanne Marie Knudsen og regionale aktørar som Kulturnæringshagen og NCE Protomore/lkuben sin innovasjonslab.

Søker

Organisasjonsopplysninger

Organisasjonsnavn	Høgskulen i Volda Biblioteket
Organisasjonsnummer	974809672
Kontonummer	76940500741
Institusjonens leder	
Fornavn	Per
Etternavn	Halse
Telefon	70 07 51 46
E-post	per.halse@hivolda.no
Er institusjonens leder kontaktperson for prosjektet?	Nei

Kontaktperson

Fornavn	Mona Iren
Etternavn	Auganæs
Telefon	70 07 53 71
E-post	mona.iren.auganaes@hivolda.no

Framdriftsplan

Prosjektet er	Ettårig
---------------	---------

Aktivitetsplan for prosjektet

Beskrivelse	Frilux Flo med UH-nett vest i Bergen
Aktivitetsperiode	
Fra dato	23.01.2019
Til dato	24.01.2019
Beskrivelse	Utprøving av brukarstyrt felles Læringsverkstad for tilsette, studentar og praksisfelt
Aktivitetsperiode	
Fra dato	08.02.2019
Til dato	12.04.2019
Beskrivelse	Besøk på Universitetsbiblioteket i Stavanger – strategisemina

Aktivetsperiode	
Fra dato	13.02.2019
Til dato	15.02.2019
Beskrivelse	Brukarundersøking - HVO-biblioteket
Aktivetsperiode	
Fra dato	11.02.2019
Til dato	15.02.2019
Beskrivelse	Trafikkteljing på lesesal, mastersal, grupperom, filmrom
Aktivetsperiode	
Fra dato	18.02.2019
Til dato	29.03.2019
Beskrivelse	Aat Vos til Volda 2 dagar workshop og oppstart av mogleheitsskisser med både interne og eksterne deltakarar
Aktivetsperiode	
Fra dato	28.03.2019
Til dato	29.03.2019
Beskrivelse	Seminar NTNU Universitetsbiblioteket om skrankefunksjonen i UH-bibliotek
Aktivetsperiode	
Fra dato	04.04.2019
Til dato	04.04.2019
Beskrivelse	Frilux Flo - brukarundersøkingar UX og EX (User og Employee experience)
Aktivetsperiode	
Fra dato	09.04.2019
Til dato	10.04.2019
Beskrivelse	Prosjektmedarbeidar for koordinering og utvikling av ulike teneste og opplæringsbehov basert på brukarstudier våren 2019, vidare metodeval og prosessutvikling, kunnskapsspreiing og rapportering i forprosjektet
Aktivetsperiode	
Fra dato	29.07.2019
Til dato	16.12.2019

Beskrivelse	Vidareutvikling av brukarstyrt læringsverkstad - Eigenfinansiert
Aktivetsperiode	
Fra dato	02.09.2019
Til dato	13.12.2019
Beskrivelse	Fokusintervju studentar og tilsette - Hanne Marie Knudsen
Aktivetsperiode	
Fra dato	16.09.2019
Til dato	18.09.2019
Beskrivelse	2 dagar workshop Aat Voos - vidare biblioteksutvikling basert på brukarstudier og moglegheitsskisser med både interne og eksterne deltakarar
Aktivetsperiode	
Fra dato	04.11.2019
Til dato	05.11.2019
Beskrivelse	Sluttseminar, søknadsutvikling hovudprosjekt og rapportering
Aktivetsperiode	
Fra dato	07.11.2019
Til dato	27.01.2020

Andre opplysninger

Andre opplysninger/kommentarer om framdrifts-
/aktivetsplan

Forprosjektet vil vere utgangspunkt for ein større prosjektsøknad til Nasjonalbiblioteket om finansiering av vidareutvikling av biblioteket som hjarte i 'sticky campus'.

Budsjett

Søknadsbeløp fra Nasjonalbiblioteket 180000

2019

Inntekter 2019

Beskrivelse Eigenfinansiering

Beløp 120000

Inntekter totalt 2019: 120000

Utgifter 2019

Beskrivelse Aat Vos workshop * 2

Beløp	180000
Beskrivelse	Fokusintervju studentar og tilsette Hanne Marie Knudsen
Beløp	30000
Beskrivelse	Prosjektmedarbeidar for koordinering og utvikling av ulike teneste og opplæringsbehov basert på brukarstudier våren 2019, vidare metodeval og prosessutvikling, kunnskapsspreiing og rapportering i forprosjektet
Beløp	60000
Beskrivelse	Frilux Flo UX (User Experience) - Universitetet i Oslo
Beløp	30000
Utgifter totalt 2019:	300000

Totalt

0

Samarbeidspartnere

Har du samarbeidspartner(e)?	Ja
Navn	Kulturnæringshagen
Beskriv samarbeidet	Regional aktør som bidreg i forhold til Læringsverkstaden
Navn	NCE Protomore
Beskriv samarbeidet	Ikuben sin innovasjonslab, som vil vere med å vidareutvikle Læringsverkstaden
Navn	Aat Vos
Beskriv samarbeidet	Biblioteksarkitekt som skal halde workshop og lage moglegheitsskisser
Navn	Hanne Marie Knudsen
Beskriv samarbeidet	Bruksanalytikar som skal hjelpe med fokusgruppe- intervju
Navn	Frilux Flo frå UIO
Beskriv samarbeidet	Skal halde to- dagars workshop med fokus på User experience

Vedlegg

Vedlegg [Vedlegg 1.pdf](#)